

Bergum burettslag

INNKALLING

GENERALFORSAMLING

28. mai 2024

Kl. 18

Bomberommet i kjellaren i Bergum 1D

DAGSORDEN

SAK 01/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

SAK 02/24 Tal røysteføre/andelar

SAK 03/24 Konstituering

- A. Val av møteleiar.
- B. Val av protokollfører.
- C. Val av to til å signere protokollen.
- D. Val av tellekorps.

SAK 04/24 Rapport frå styret om styrets arbeid

SAK 05/24 Årsrekneskapen for 2023

SAK 06/24 Styrehonorar for perioden 2023–2024

SAK 07/24 Val

- A. Val av nytt styre
- B. Val av ny valnemnd

SAK 08/24 Innkomne saker

SAKSUNDERLAG

SAK 01/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Framlegg til vedtak: Innkalling og dagsorden vert godkjent

SAK 02/24 Tal røysteføre/andelar

Framlegg til vedtak: Det er xx røysteføre/andelar i møtet.

SAK 03/24 Konstituering

- A. Val av møteleiar.
- B. Val av protokollførar.
- C. Val av to til å signere protokollen.
- D. Val av tellekorps.

SAK 04/24 Rapport frå styret om styrets arbeid

Det er ikkje lenger eit lovkrav å skrive årsberetning. Dette som følgje av ei endring i rekneskapsloven frå 2018. Styret har valt å legge ved ein rapport om styrets arbeid.

Framlegg til vedtak: Rapporten frå styret blir teken til vitende.

SAK 05/24 Årsrekneskapen for 2023

Årsrekneskapen for 2023 ligg vedlagt. Revisjonsberetning vil bli ettersendt så snart som styret har fått denne i hende.

Årsrekneskapen for 2023 vert tilrådd godkjent.

Framlegg til vedtak: Rekneskapen for 2023 vert godkjent.

SAK 06/24 Styrehonorar for perioden 2023–2024

(Alt av vederlag/honorar/godtgjersle til styret o.l. skal verte vedteken av generalforsamlinga jf. brl. § 8-4)

Styrehonorar vert vedteken på generalforsamling etterskotsvis. Generalforsamlinga skal vedta styrehonorar for perioden frå førre generalforsamling våren 2023 til og med ordinær generalforsamling 2024.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek ei øvre råde på 200 000 kr for perioden 2023–2024. Styret må halde seg til denne råde i si fordeling av honorar og møtegodtgjersle. Honorar og møtegodtgjersle skal ikkje overstige råde.

SAK 07/24 Val

A. Val av nytt styre

Styret slik det er samansett i dag:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2022–2024	Ynskjer attval
Medlem	Sissel Ekroll	2022–2024	Ynskjer attval
Medlem	Damir Zovko	2023–2025	Ikkje på val
Vara	Viktorija Dobile	2023–2024	Ynskjer attval
Vara	Vebjørn Mandelid	2023–2024	Ynskjer attval
Vara	Julia Gåsvær	2023–2024	Ynskjer attval

Valnemnda si innstilling til nytt styre:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer*	2024–2025	På val
Medlem	Sissel Ekroll	2024–2026	På val
Medlem	Damir Zovko	2023–2025	Ikkje på val
Vara	Viktorija Dobile	2023–2024	På val
Vara	Vebjørn Mandelid	2023–2024	På val
Vara	Julia Gåsvær	2023–2024	På val

*Det ligg vedlagt ein avtale i høve styreleiarvervet som generalforsamlinga må godkjenne for at Thor Erlend Mehammer skal vere valbar.

B. Val av ny valnemnd

Valnemnda slik den er samansett i dag:

Eili Sidsel Slåtten, Attval (2024–2025)

Rolf Helge Myren, Attval (2024–2025)

Hildegunn Bjørvik, Ny (2024–2025)

Innstilling frå valnemnda i si heilheit ligg vedlagt.

SAK 08/24 Innkomne saker

Det er ingen innkomne saker.

RAPPORT OM STYRETS ARBEID

Bergum burettslag

Perioden 2023–2024

Generalforsamlinga

Bergum burettslag heldt generalforsamlinga 08. juni 2023 på Grendalagshuset ved Haugum. Følgjande styre blei valt i generalforsamlinga:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2022–2024	Er ikkje på val
Medlem*	Sissel Ekroll	2022–2024	Er ikkje på val
Medlem	Damir Zovko	2023–2025	Ny
Vara	Viktorija Dobile	2023–2024	Ny
Vara	Vebjørn Mandelid	2023–2024	Ny
Vara	Julia Gåsvær	2023–2024	Ny

*Sissel Ekroll vart i første styremøte etter generalforsamlinga konstituert som nestleiar.

Møteverksemd

Siden førre ordinære generalforsamling (8. juni 2023) har styret hatt 7 møter. I desse møta er det blitt handsama 43 saker.

Styret har hatt god kontakt med forretningsføreren om den daglege drifta av laget. Alle varamedlemmer har fått invitasjon til styremøta.

Tilsette

Burettslaget har i perioden tilsett Viktorija Dobile til reinhald av oppganger.

Det har i perioden vore travelt, med mykje arbeid knytt til rehabilitering av vassanlegget og installasjon av nye energibrønner. Det har vore mange saker knytt til dette arbeidet, og blitt lagt ned mykje arbeid. Som del av arbeidet har vi byta leverandør på SD-anlegget, der Caverion no har full oversikt på vassanlegg, ventilasjon og det elektriske. Det gir oss naudsynt tryggleik i gamle bygg som dette.

Vi har i same periode sett skogen vekse seg større og større, der vi etter kvart frykta forsikringsaker med tre som legg seg over bilar, særleg når det var mykje snø. Det blei av den grunn iverksett tiltak for å fjerne 10–15 av skogen oppover i fjellet. Vi opplever at det er blitt mykje lysare pga. dette, samt at vi håper det vil medføre mindre grønske på veggane.

Det er framleis ein jobb å gjere for å gjere skråninga finare, dette må nok gjerast på dugnad, eventuelt av andre entreprenørar.

I perioden har vi òg dessverre opplevd fleire lekkasjer som har påverka leiligheiter, i tillegg til bomberommet. Særleg lekkasjen med hull i avløpsrøret skapte ein del arbeid og kostnader. Her takker vi andelseigarar for deira tolmod i ei utfordrande tid.

Vi hadde håpt få installert el-billadere i perioden, men dette har teke lang tid grunna diverse godkjenningar hjå BKK. Styret er kjent med at godkjenningane er på plass, men det skal ein del kartlegging på plass før vi får iverksett arbeidet. Vi håpar å ha dette på plass i løpet av hausten 2024.

Det er blitt gjort mange fine tiltak ute på området, med Sissel Ekroll (nestleiar og uteansvarleg) i spissen. Styret har hatt ynskje om å gjere det flottare og kjekkare å bu i burettslaget, der opplever vi no å ha kome mange steg vidare!

Utover desse sakene som styret ville fokusere på i årets rapport, har det vore saker knytt til nytt låneopptak, adm. oppfølging med Enivestavtalen. Trøbbel med ny ordning for dugnadskort i portalen. Budsjettutarbeiding og vidare drift og generell utvikling i burettslaget.

Beste helsing
Styret

2024

Innstilling frå valnemnda

Styret:

Styreleiar: Thor Erlend Mehammer, attval (2024–2025)

Styremedlem: Sissel Helen Ekroll*, attval (2024–2026)

Styremedlem: Damir Zovko, Ikkje på val (2023–2025)

Varamedlem: Viktorija Dobile, attval (2024–2025)

Varamedlem: Vebjørn Mandelid, attval (2024–2025)

Varamedlem: Julia Gåsvær, attval (2024–2025)

*Sissel har vore nestleiar i perioden.

Styret konstituerer sjølv nestleiar og rekkjefølgja på varamedlemmer.

Styreleiar og styremedlemmer blir valde for 2 år

Varamedlemmer blir valde for 1 år.

Valnemnda 2024:

Eili Sidsel Slåtten, Attval (2024–2025)

Rolf Helge Myren, Attval (2024–2025)

Hildegunn Bjørvik, Ny (2024–2025)

FULLMAKT

(jmf. Burettslagslova §7-3)

Jeg _____ eier av andel nr _____,

har ikke mulighet til å møte på generalforsamlingen.

Jeg gir derfor min fullmakt til:

Navn: _____

Sted _____ Dato _____

Underskrift andelseier/fullmaktsgiver: _____

Obs! Kun én fullmakt per deltager!